
Fra: Tveit Vigdis <vigdis.tveit@vegvesen.no>
Sendt: fredag 15. november 2019 09:25
Til: Postmottak Lindås
Emne: Forseinka svar til varsel om oppmålingsforretning - Gnr. 215 bnr. 34 - ArkivsakID 2019/2262

Vi viser til motteke varsel i grensegangssak for 215/34 i Lindås.

Vi beklager at mannskapsmangel gir manglende respons.

Vi har ikkje motteke protokoll endå, og håpar derfor at vår tilbakemelding kan vere til nytte.

Vi finn at strekninga av gamle Rv14 langs Osterfjorden er bygd som eit lappeteppe av suppleringar til den gong eksisterande lokalvegar. Det er derfor vanskeleg å finne noko aldeles nøyaktig for den konkrete staden. Vi har ingen dokumentasjon på eventuell utviding av vegen, men det er kommunane som hadde slikt ansvar både for riks- og fylkesvegar fram til 1963.

Vi finn at eigedomen 151/34 er etablert i 1959. Dette medfører at den var etablert medan veglova av 1938 var gjeldande, som i sin tur medfører at eigedomen må ha ein grenseavstand på 2,5 meter til vegskuldra for å vere lovleg oppretta.

Vår konklusjon blir derfor at eksisterande grense langs vegen skal ligge omlag 2,5 meter frå dagens vegskulder. Vi meiner likevel at det skal utvisast skjønn i samband med grensedraginga, slik at for eksempel bygningar ikkje skal bli ståande utanfor privat eigedom.

Vi håpar at dette kan vere til hjelp i saka, og ser fram til å motta protokoll til gjennomsyn.

Med helsing

Vigdis Tveit

Statens vegvesen, Ressursavdelinga, Eigedomsseksjonen

Kontoradresse: Nygårdsgaten 112, BERGEN

Telefon: +47 55516208 **Mobil:** +47 99575634 **epost:** vigdis.tveit@vegvesen.no

www.vegvesen.no **epost:** firmapost-vest@vegvesen.no